

## Referat styremøte i Grendalaget 14/9 -2015.

Desse møtte: Ole Kristian, Sig Erlend, Anne Lise

1. Myrkdalen ungdomslag har søkt om kr.4000,- Det skal kasserar ordna med. Ole K gjev tilbakemelding til MUL om at dei får pengane.

2. Sig Erlend Jordalen går inn som ny kasserar.

3. Kva skjer med skulen?

Spørja/finna ein eller fleire personar som er interesserte i "gamleskulen" Kva skjer? Kva kan gjerast? Kontakta kommunen for informasjon.

Senda ut spørjeundersøking om interesse/idear ?

Finna dato for myldringsmøte.

4. Facebookside er laga. Denne sida kjem til å nyttast til informasjon om aktivitetar i laget. Me er og opne for innspel.

5. Trimboksane vert henta inn etter 2 oktober. Håpar mange kjem seg ut på tur og skriv seg i bøkene. Det vert ein premie pr. bok, og ein "minnepremie" til dei som har gått alle turane!

6. Me planlegg ein familietur til Mørkvestølen uti oktober.

Kvar og ein tek med litt grillmat eller niste. Grendalaget stiller med grill, kaffi, te , kakao, saft.

Me kjem tilbake til dato så snart det er bestemt.

7. Grendalaget vil fortsetja med Quiz kveldar i vinter og. Ein kveld før jul, ein i januar og ein i februar. Set opp datoar på neste møte, og legg det ut på myrkdalen.org sida og på facebook.

Ref.Anne Lise